



Bergen Rørteknikk AS
Morten Ådlandsvik
Leirvikflaten 23
5179 GODVIK

Referanser:

Dykkar:

Vår: 21/283 - 21/2155

Saksbehandlar:

Linda Hammersvik Folkestad

linda.folkestad@alver.kommune.no

Dato:

13.01.2021

Svar på søknad om oljeutskiller for Region Nordhordland Helsehus AS - gbnr 188/323 Gjervik ytre

Tiltak: Oljeutskiljar
Byggestad: Helsehuset i Knarvik – Gbnr 188/323
Tiltakshavar: Region Nordhordland Helsehus AS
Ansvarleg søkar: Bergen Rørteknikk AS

Saka gjeld søknad om løyve til å knytte oljeutskiljar med nominell størrelse NS 10 på kommunalt avløpsnett.

Sakutgreiing:

Informasjon om saka:

Bergen Rørteknikk AS har installert ei oljeutskiljar (NS 10) ved ambulansegarasjen i Region Nordhordland Helsehus. Det vert søkt kommunen om godkjenning av denne. Følgjande utstyr er teke med i berekningsgrunnlaget for val av størrelse på anlegg:

- 3 stk spylekraner (DN 20)
- 1 stk høgtrykkspyle

Avløp skal gå via sluker ved 3 av parkeringsplassene i garasjen. Det er ved disse plassene lagt opp til 4 uttak av vatn hvorav ei av uttaka skal nyttast for høgtrykkvasker.

Vurdering/sakutgreiing:

Oljeutskiljar ved ambulansegarasjen er installert. Det er sendt inn søknad om godkjenning av denne. Anlegg som er installert er ei SUK-SR-NS-10 og har eit våtvolum på 10 kbm og integrert sandfang på 2 kbm. Berekningsgrunnlaget som er levert inn med søknaden viser at vassbelastning på anlegg er berekna til å være maks 9,4 liter/sekund. Anlegget som er installert har ei kapasitet til å handtere ei vassmende på maks 10 liter/sekund.

Ambulansegarasjen har 3 stk parkeringsplasser. Ved kvar parkeringsplass er det installert sluk som er knytt på oljeutskiljaren. Det er lagt opp for at ein skal kunne spyle/høgtrykkspyle ambulanser i garasjen. Det er byggteikningar vist ei «bilvakseautomat». Dette er i søknad opplyst om at dette er ei innretning for innvendig vask av ambulanse. Utstyret er ikkje tatt med i berekningsgrunnlaget. Det vert ikkje ført overvatn på anlegg.

Alver kommune

Postboks 4, 5906 Frekhaug

post@alver.kommune.no

Kontonummer: 3207 29 30559

Innbyggjarservice: +47 56 37 50

www.alver.kommune.no

Organisasjonsnummer: 920 290 922

00

Samandrag/konklusjon:

Alver kommune ved samferdsel, veg-, vatn- og avløp forvaltning gir løyve til å knytte oljeutskiljar SUK-SR-NS 10 på kommunalt avløpsnett på vilkår.

Vedtak:

Alver kommune ved samferdsel, veg-, vatn- og avløp forvaltning gir, med heimel i forskrift om påslipp/utslipp av olje- og fetthaldig avløpsvatn, løyve til å knytte oljeutskiljar på kommunalt avløpsnett på vilkår.

Løyve til å knytte SUK-SR-NS 10 på kommunalt avløpsnett vert gitt på vilkår:

- Løyve til vert gitt ut i frå innsendt berekningsgrunnlag. Anlegg er godkjent for følgjande utstyr: 3 stk spylekraner og 1 stk høgtrykkvasker.
- **Tømmefrekvens:** Oljeutskiljar og sandfang skal tømmast minst 1 gong per år. Olje som vert halde tilbake i anlegg vert rekna som farleg avfall og skal leverast til godkjent mottak.
- **Tømmeavtale:** Det skal, til ein kvar tid, ligge føre gyldig tømmeavtale med godkjent tømme-firma. Kommunen skal ha kopi av avtale.
- **Analyseprøve:** Det skal tas minimum 1 representativ prøve av avløpsvatn før tømning av anlegg. Prøve skal takast frå prøvetakingskum/kontrollkum. Prøve skal analyserast av godkjent laboratorium. Oljeinnhaldet i prøven skal ikkje overstige 50 mg/l (målt som totale hydrokarbon). Kopi av analysesvar skal leggjast ved årsrapport for anlegg. Temperatur på utsleppsvatn skal ikkje overstige 45 °C.
- **Kontroll/reingjering:** Anlegg skal reingjerast og kontrollerast minst 1 gong per år. Alle utskiljar-volum skal reingjerast og kontrollerast. Kontroll og reingjering kan utførast i samband med tømning av anlegg.
- **Internt kontroll:** Anleggseigar skal ha jamnleg ettersyn med anlegg. Verksemden må ha eit system for tømme- og vedlikehaldsrutiner. Verksemden skal ha ei kontaktperson som følgjer opp anlegg og som skal være kontaktperson mot kommunen.
- **Bruk av kjemikalier:** Bruk av vaskemidlar fører til at olje emulgerer og vert vanskeleg å skilje ut i utskiljaren. Kun godkjente vaskemidlar skal nyttast og bruken av disse skal avgrensast til eit minimum. Kommunen forventar at verksemden går i dialog med kjemikalieleverandør, eventuell anna kompetanse på området, for å optimalisere kjemikaliebruk med tanke på lågare utslepp.
- **Årsrapport:** Det skal sendast inn årsrapport for anlegg til kommunen. Årsrapport skal innehalde tømmerapporter, kopi av prøveanalyser og driftsjournal. Rapporten skal være kommunen i hende seinast 1 februar påfølgjande år.
- **Ferdigmelding:** Det skal sendast inn ferdigmelding for godkjenning før anlegget vert teke i bruk. Ferdigmeldings skal innehalde «as build» teikningar og situasjonskart som viser tilkntingspunkt til kommunalt avløpsnett. Prosjektteikningar kan leggjast ved, men erstatter ikkje situasjonsplan med innmålingsdata på VA kart.
- Verksemden skal sørge for at, ein til kvar tid, gjeldande regelverk vert fylgt.

Alver kommune ved samferdsel, veg-, vatn og avløp forvaltning gjer merksam på at tiltak også er søknadspliktig etter plan og bygningslova.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl) jf. veglova § 11. Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefrist er 3 veker, jf. fvl § 29(1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. Klagen skal grunngjevast. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstaning, må høve til klage på vedtaket vert nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommune-lova § 23 nr. 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Med helsing

Alver kommune Samferdsel, veg-, vatn-
avløp-forvaltning

Arne Helgesen
Avdelingsleiar

Linda Hammersvik Folkestad
Ingeniør

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Bergen Rørteknikk AS

Leirvikflaten 23 5179

GODVIK